

# Rotary Open opportunities

## ÅRSMELDING FOR ROTARY-ÅRET 2020-2021

### ROTARY DISTRIKT 2250

#### **Innleiing:**

Rotary-året 2020-2021 vart eit annleis år enn det me planla. Korona-pandemien som førde til stenging av fysiske møte i mars 2020, var ikkje slutt ved inngangen til Rotary-året 2020-2021. Tvertimot vart konsekvensane for all møteverksemd forsterka utover hausten 2020. Tidsplanen for distriktskonferansen og distriktsrådsmøta måtte endrast. Endra tidsplan var heller ikkje tilstrekkeleg til å møta dei store utfordringane som korona-pandemien skapte. Mange klubbar valde å redusera aktiviteten, medan andre prøvde seg på digitale møte.

Distrikt 2250 valde å satsa på digitale møte i all hovudsak.

Årsmøtet i oktober 2020 vart gjennomført digitalt med styret og administrasjonen samla på Stord Hotel, medan representantane for klubbane deltok digitalt. Dette møtet vart gjennomført med teknisk hjelp frå eit firma på Stord.

Erfaringane med årsmøtet, førte mellom anna til at distriktet valde å gå til innkjøp av eige utstyr. Det første utstyret som vart innkjøpt, viste seg å vera brukbart for digitale klubbmøte, men lite eigna til bruk i så store møte som årsmøtet, PETS og distriktskonferansen. Distriktet valde difor å satsa på eit betre utstyr og opplæring av eigne medlemmer i distriktet til å ha ansvaret for gjennomføringa av digitale distriktsmøte.

#### **Organisering**

Styret: Jostein Osnes, Stord RK, DG  
Odd Henning Johannessen, Karmøy RK, IPDG  
Claus Feyling, Sokndal RK, DGE  
Odd Henry Hommedal, Voss RK, DGN

Funksjonar i sekretariatet:

Ole Gregor Grov, Stord RK, distriktssekretær  
Per Inge Sætrevik, Stord RK, distriktskasserar  
Robert Hallerakere, Stord RK, koordinator for dei store møta  
Claus Junger, Stord RK, assisterande distriktssekretær

Assisterande guvernørar:

Kjell Andreas Heskestad, Lund RK, AG-1  
Martin Sigmundstad, Strand RK, AG-2  
Bjørn Rismyhr, Karmøy Vest RK, AG-3  
Ingunn B. Hansen, Åsane RK, AG-4  
Nils Tore Skoglund, Bergen RK, AG-5  
Grethe Amundsen, Florø RK, AG-6

Leiar funksjonar i komitear og utval

Wibecke Natås, Bryne RK, leiar for TRF-komitéen  
Tore Rykkel, Os RK, leiar for komitéen for medlemsutvikling  
Christin S. Landmark, Gandsfjord RK, distriktstrenar  
Arild Dale, Arna RK, RI-s lovråd  
Ingunn Olsen Mossefin, Karmøy RK, ungdomskontakt  
Leif Kilnes, Førde RK, District Finance Chair,  
Einar Solheim, Bergen Sydvesten RK, DICO  
Per Ove Askeland, Askøy RK, månadsbrev redaktør, «Rotary i Vest»  
Khiem Tran, Torgallmenningen RK, RYLA-ansvarleg  
Andrea Ribeiro, Stavanger International RC, Rotaract-ansvarleg

Wibecke Natås, Bryne RK, vart foreslått på PETS som DGNN. Endeleg val vert på årsmøtet under distriktskonferansen.

## Rotary i Norge

Rotary Norge er inndelt i 6 distrikt. Vårt distrikt, D2250, strekkjer seg over dei to fylka Rogaland og Vestland. Alle Rotary-klubbane i desse fylka inngår i D2250. D2250 er ein del av Rotary International (RI), og skal ivareta Rotarys omdømme og etterleva dei reglar og pålegg som, til ei kvar tid, er gjeldande. D2250 er såleis RIs forlenga arm. Det er klubbane som er medlem av Rotary International. Klubbmedlemmene er medlem av den eiskilde klubben.

RIs overordna slagord er «Service Above Self». Slagordet for Rotary-året 2020-2021 har vore «Rotary Open Opportunities». RI-president Holger Knaack mål har blitt formidla vidare til klubbane, i klubbbesøka, i DGs månadsbrev og i all korrespondanse. Formålet har vore å inspirera klubbane til å sjå framover, satsa meir på Rotaract som ein del av Rotary mm.

## Status for D2250

Distriktsstyret si oppgåve er å vera ein administrativ service-eining, vera brubyggjar og formidlar av RIs forventningar, og vera til stades for klubbane og medlemmene.

Distrikt 2250 har pr 30.06.2021 44 klubbar med til saman 1623 medlemmer. Medlemstalet for distriktet er redusert med om lag 50 medlemmer samanlikna med Rotary-året 2019-2020. Alle distrikta i Noreg har den same utviklinga med reduksjon av medlemmer og av klubbar. Koronapandemien har ikkje gjort det lettare å halda på medlemmer og klubbar og skapa grunnlag for etablering av nye klubbar.

Lågare medlemstal medførte mindre inntekter både i 1. og 2.halvår.

## Styret

Styret har hatt 7 styremøte. 67 saker er behandla. Alle sakene er protokollert i referats form og arkivert i elektronisk arkiv på Medlemsnett der styret har tilgong. Dei fleste styremøta vart gjennomført med fysisk frammøte.

## Assisterande guvernører

Assisterande guvernører har fått auka oppgåver i Rotary-året 2020-2021. Dei har blitt meir brukt i ulike delar av verksemda i distriktet. Distriktet har arbeidd for å få etablert områderettleiarar i IT og Media innan kvart AG-område. Føremålet med denne ordninga er å tilby klubbane meir rettleiing og hjelp om IT-spørsmål og få til ei betre dekning i «Rotary i Vest» av kva som faktisk skjer i klubbane i ulike AG-område. Ordninga starta opp i 2020, men det er hittil ikkje etablert personar med tilstrekkeleg kompetanse i alle AG-område som kan gi klubbane rettleiing og støtte. Dette arbeidet vil bli ført vidare og forsterka i 2021-2022.

## Distriktsrådet

Det vart gjennomført to distriktsrådsmøte i Rotary-året 2020-2021. Det første møtet vart gjennomført 31.10.2020 som digitalt møte. To hovudsaker vart drøfta på dette møtet: a) Planar og forventningar til arbeidet med TRF i 2020-2022 og b) Planar og forventningar til arbeidet med medlemsutvikling og nye klubbar . 15 personar deltok på dette møtet

Det andre distriktsrådsmøtet vart gjennomført 08.05.2021. Også dette møtet måtte gjennomførast digitalt. Følgjande tema vart drøfta i møtet: a) Arbeidet med auka medlemstal og etablering av nye klubbar, b) Erfaringar med digitale møte, c) AG-ane si rolle og erfaringar i Rotary-året 2020-2021, d) Arbeidet med TRF i eit koronaår, e) Erfaringar med områderettleiarane i IT/Media, e) Kort orientering om utviklingsaktivitetane for unge, g) Kva ventar oss i Rotary-året 2021-2022? Det deltok 15 representantar på dette distriktsrådsmøtet.

## Guvernørbesøk

Guvernørbesøka vart meir avgrensa enn ønskjeleg. Dette skuldast fleire forhold. Korona-pandemiens konsekvensar for distriktet og klubbane auka på utover i Rotary-året. Guvernøren måtte redusera aktiviteten overfor klubbane grunna eigen sjukdom og sjukdom i familien. Mange av klubbane valde å redusera klubbverksemda ein lang periode, medan ein god del klubbar satsa på digitale møte eller med skriftleg informasjon eller tema som vart sendt ut til medlemmene til oppmuntring og læring.

## Pre-PETS

Det vart gjennomført Pre-Pets i AG-områda hausten 2019. I tillegg til DG møtte AG-ane i sitt område. Også andre representantar frå distriktet deltok på nokre av desse møta.

## PETS

PETS vart gjennomført på Stord Hotel. Totalt 107 personar deltok på konferansen fordelt på 87 deltakarar og 18 ledsagarar. PETS vart helse av president Svein Kristen Bunes frå Stord Rotary-klubb. DG Odd Henning Johannessen frå Karmøy RK åpna møtet. DGE Jostein Osnes, Stord RK, presenterte RI-presidentens prioriteringar for Rotary-året 2020-2021, sine egne prioriteringar for arbeidet i D2250 og forventningane til presidentane og klubbane. Wibecke Natås orienterte om ulike måtar å bidra med gåver til Rotarys arbeid. Kommunikasjonsjef i Kværner Stord, Odd Naustdal, snakka om intern og ekstern kommunikasjon. Prost Svein Arne Theodorsen gav deltakarane underfundige «ord for dagen». Gaute Melhus Johannessen frå Lyngdal RK snakka om Rotarys rolle i Rotary-systemet og om arbeidet med søknad til NRK om å få TV-aksjonen for å eliminera Polio. DGE Claus Feyling følgde

dette temaet opp med ein grundig presentasjon om Polio-arbeidet og opplegget for ein eventuell søknad om TV-aksjon . Distriktsmøtet var siste post på programmet.

## Distriktskonferansen

Distriktskonferansen var planlagt til første helga i oktober 2020. Men Korono-pandemien gjorde det umogeleg å gjennomføra denne med fysisk frammøte. Det vart difor avgjort å utsetja distriktskonferansen til siste helga i april 2021 med håp om at Korona-pandemien då var under kontroll og at ein kunne møtast fysisk.

Dette viste seg å vera altfor optimistisk. Distriktskonferansen vart difor gjennomført digitalt 24.april 2021. Tema for konferansen var:

1. «Korleis kan Rotary møte endringar som startar langt borte fra oss når me veit at havet er vesentleg for liv og virke i D2250»
2. «Korleis kan Rotary møte utfordringar som startar langt borte frå oss, når Korona-pandemien har lært oss at alle kan bli offer for slike utfordringar?»

Peter Haugan, professor ved UiB og forskningsleiar ved Havforskningsinstituttet, hadde hovudinnlegget om det første temaet med tittelen «Havet og havnæringa sitt bidrag til bærekraftig utvikling» og Hege Økland, dagleg leiar for NCE Maritime Clean Tech, følgde opp med innlegget «Grønt skifte i blå næring» som gav deltakarane eit godt bilete av korleis næringslivet på Vestlandet prøver å utvikla fartøy mm som ikkje forurensar.

Carlos Goncalo das Neves, direktør for Forskning og Internasjonalisering ved Veterinærinstituttet hadde det andre hovudinnlegget med tittelen «Korleis unngå nye og kanskje meir alvorlege pandemiar.

Det vart eit interessant ordskifte mellom deltakarane på nettet og innleiarane om dei tema som var presentert. Alt som vart sagt, alle illustrasjonar og spørsmål og svar vart tekne opp og er nå plassert på nettsida til D2250. Tilbakemeldingane frå klubbane om innhald og opplegg av distriktskonferansen var svært positive. Fleire klubbar brukar dei digitaliserte foredraga i program på klubbmøta.

Ein viktig grunn til at desse temaene vart valde, var Rotary International sitt vedtak om å innlemma eit nytt område i Rotary si satsing, nemleg miljø og klima. Behovet for ei slik satsing har ikkje blitt mindre i det som har skjedd dei siste månadene.

Rotary vil vera med og bidra til at me, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt kan gjera livet lettare for dei som slit med konsekvensane av miljøendringane me opplever. Rotary støttar aktivitetar som styrker og vernar om naturressursar, fremmar økologisk balanse og harmoni mellom samfunn og miljø.

Det nye satsningsområdet kan vera med og byggja bru mellom unge og eldre i klubbane og skapa fornying i arbeidsmåtar og samværsformer

## Vårmøte

To av vårmøta vart gjennomførde med fysisk frammøte. 8.juni var det vårmøte for AG 3. Møtet var i lokala til Karmøy Vest RK sitt lokale. Alle klubbane var representerte med unnatak av Suldal. AG 1 og AG 2 hadde felles digitalt vårmøte 14.juni. Dei aller fleste klubbane var representerte på dette møtet. AG 4 og AG 5 hadde felles digitalt vårmøte 15.juni med noko redusert deltaking. Det siste vårmøtet var 17.juni på Skei i Jølster. Alle klubbane var godt representerte.

Rapportane frå klubbane viser at det er stor variasjon i omfanget av aktivitet i klubbane. Nokre klubbar har lukkast godt med digitale møte, medan andre har bestemt seg for å ikkje ha møter digitalt. Nokre klubbar prøvde seg med digitale møte, men fekk få deltakarar til desse møta.

Det er stor forskjell på arbeidet med å få nye medlemmer. Nokre rapporterer om fleire nye medlemmer og at ein også har reflektantar. Andre melder om større eller mindre avgang av medlemmer utan at ein har klart å få nye.

Men alle klubbane har planar om å få større aktivitet i Rotary-året 2021-2022 både med møte og rekruttering av nye medlemmer.

## Jubileer

Gandsfjord Rotaryklubb hadde 50-årsjubileum 15.april 2021. Grunna Korona-pandemien var det ikkje mogeleg å feira jubileet fysisk. Klubben valde difor å utsetja feiringa til eit seinare tidspunkt. Distriktet sende ei helsing til klubben v/president Ståle Hatteland med gratulasjonar for jubileet. Distrikt 2250 markerte jubileet med å senda ei pengegåve på kr 1000 til TRF i klubbens namn.

## Norsk Rotaryforum

Norsk Rotaryforum (Norfo) er eit samarbeidsorgan for dei 6 Rotary-distrikta i Noreg. Oppgåva til Norfo er å løysa definerte fellesoppgåver for distrikta og utveksla informasjon og erfaringar.

Styret i Norfo er samansett av guvernørane i distrikta. I tillegg er det eit arbeidsutval (AU) som har representantar frå alle distrikta. Dei fungerer i ein treårs-periode og med utskifting av to representantar kvart år. Arbeidet mellom styremøta blir ivareteke av AU. Det er styret som fastset kva oppgåver AU skal arbeida med.

Aktiviteten har vore stor i Rotary-året 2020-2021. Det store saka var arbeidet med å utforma ein søknad om å få tildelt TV-aksjonen 2022 med temaet «Polio+». Saka vart grundig drøfta i alle distrikta og i møte i Norfo-regi. 5 av distrikta sa ja til å søkja om TV-aksjonen, medan eit distrikt sa nei. Føresetnaden for å søkja om TV-aksjonen var at alle distrikta slutta seg til dette. Det vart difor ikkje utarbeidd ein søknad om å få TV-aksjonen.

Eitt positivt resultat av arbeidet med TV-aksjonen, var at klubbane fekk betre informasjon om dei oppgåvene som Norfo arbeider med på vegne av distrikta. I D2250 hadde me grundige orienteringar om Norfo og om arbeidet med TV-aksjonen både på PETS i 2020 og i årsmøtet 2020.

Norfo arbeider elles med koordinering av ungdomsutvekslinga i distrikta, opplæring av innkommande guvernørar, med nettløysingar for klubbane og kommunikasjonsarbeidet. Det siste har vore forsømt dei siste åra, men vart teke opp på nytt i 2020-2021 og vert vidareført i Rotary-året 2021-2022.

Norfo har også ansvaret for å samla inn midlar frå distrikta til felleskostnader til Rotary Norden mm.

## **KOMITEARBEID I D2250**

### **Ungdomsutveksling**

Programmet for ungdomsutveksling i 2250 har vore leia av DYEO Ingunn Mosefinn frå Karmøy RK. Saman med klubbane gjorde ho eit godt arbeid med å rekruttera kandidatar til ungdomsutveksling for Rotary-året 2020-2021. Heile 8 ungdommar var klare for å reisa til eit anna land i verda som utvekslingsstudentar i eitt år.

Diverre stoppa den verdsomspennande Korona-pandemien all utveksling av studentar. Heller ikkje sommarcamp for ungdommar frå andre land kunne gjennomførast som planlagt. Også for komande Rotary-år blir ingen studentar sende ut eller mottekne i klubbar i distriktet.

Ungdomsutvekslinga er ein viktig del av Rotary sitt arbeid. Det er viktig at denne aktiviteten vert starta opp igjen når me planlegg for Rotary-året 2022-2023.

## **RYLA**

RYLA står for Rotary Youth Leadership Award, med andre ord Rotarys leiingsseminar for ungdom. Det er Kheim Tran frå Torvallmenningen RK i Bergen som har hatt ansvaret for dette kurset Rotary-året 2019-2020.

Dette er også eit viktig tiltak for ungdom. Det har i mange år vore eit vellukka tilbod til ungdom. Diverre gjorde Korona-pandemien det umogeleg å gjennomføra eit RYLA-kurs i Rotary-året 2020-2021.

## **TRF-komitéen**

TRF er viktig for arbeidet i Rotary, både på klubbnivå, distriktsnivå, nasjonalt og internasjonalt. Distriktet har lukkast godt med å få godkjent Global Grants dei siste åra. Derimot har den økonomiske støtta til TRF frå medlemmer og klubbar blitt redusert dei siste åra. Det er viktig at TRF-komitéen, i samarbeid med klubbane, klarer å snu den tendensen me har opplevd i seinare år.

TRF-komitéen har arbeidd for å få ein kandidat frå eit land i Afrika å få delta på eit av Rotarys fredsinstitutt. Det er ikkje endeleg avgjort om dette vert innvilga.

## **Informasjonsarbeid/»Rotary i Vest«**

«Rotary i Vest» er eit viktig bindeledd og ei viktig informasjonskjelde for Rotary-medlemmer, klubbar, distriktet og andre distrikt. Det arbeidet som redaktør Per Ove Askeland legg ned i «Rotary i Vest» er viktig for å skapa fellesskap og sikra informasjon til alle ledd i distriktet. Arbeidet vert også verdsett av andre distrikt.

## **IKT**

Einar Solheim har som DICO i mange år hatt ansvaret for informasjon om og opplæring av medlemmer innan IKT. Hans funksjonstid vart avslutta ved overgangen til Rotaryåret 2021-2022. Einar Solheim har lagt ned mykje arbeid for å styrkja kunnskapen om IKT og svart oss andre på mange spørsmål. Det var aldri nei til å hjelpa. Spørsmål som han ikkje kunne svara på, gjekk vidare til ekspertisen i Norfo.

Ny DICO er frå dette tidspunktet er Frank Strand, Åsane RK. Han har vore aktivt med det siste året i samarbeid med Solheim.

Styrking av støtte til klubbane på området IT og Media vart gjennomført i Rotary-året 2020-2021. I kvart AG-område vart det arbeidd for å få til ein ny funksjon som områderettleiar innan IT og Media. AG-ane har fått det operative ansvaret for områderettleiarane. Dette er ei viktig satsing for å møte utfordringane og mulighetene som IT og Media gir både medlemmer, klubbar, komitéar og distrikt.

## **Medlemsutvikling**

Medlemsutvikling har vore eit prioritert satsingsområde for D2250 i Rotary-året 2020-21. Medlemsutviklingskomitéen vart styrka med fleire medlemmer. Som ny leiar vart Hilde Ramsfjell Hamarsland, Ålgård RK vald. Diverre måtte ho etter ei tid slutta av helsemessige grunnar. PDG Tore Rykkel, Os RK, var villig til å ta på seg leiarfunksjonen i komitéen. PDG Arild Dale tok på seg å arbeida for etablering av nye klubbar i distriktet. Dale arbeidde med aktuelle miljø over heile distriktet som kunne vera aktuelle til å starta opp nye klubbar.

Diverre gjorde Korona-pandemien det vanskeleg å samla interesserte personar til møte om temaet. Arbeidet blir vidareført i Rotary-året 2021-2022. Det same gjeld arbeidet for auka medlemsutvikling i klubbane.

## **Distriktstrenar**

PDG Christin Landmark har vore distriktstrenar i 2020-2021. Ho har vore ei god støtte og rettleiar for DG i dette spesielle Rotary-året.

## **COL/CoR**

PDG Arild Dale vart vald til distriktets representant i COL/Cor frå og med Rotary-året 2020. Han har ivareteke distriktsaktivitetar knytta til Council on Legislation (COL) og Council of Resolutions (CoR). Også på dette området har Korona-pandemien hindra vesentleg aktivitet overfor klubbane.

## **Prosjekt 10´HB**

Distriktet har normalt ikkje drive mange prosjekt. Det er det i all hovudsak klubbane som har tatt seg av. Prosjektet 10 Thousand Happy Birthdays er eit unntak frå dette. Distriktet vart i 2017 invitert av Lærdal Global Health (LGH) til å vera med på prosjekt i Malawi og Zambia med formål å prøva ut bruk av utstyr med målet å redusera barne- og mødredød i den kritiske fødselsfasen. LGH lova og dobla prosjektbudsjettet med tilsvarande det beløpet som klubbane i D2250 klarte å samla inn. Distriktet tok sikte på og samla inn kr. 500.000. Prosjektplanlegginga tok utgangspunkt i at ein totalt ville ha 1 million kroner til rådighet.

Interessa for å vera med i dette prosjektet viste seg å vera stor i distriktet. Om lag 25 av klubbane melde si interesse for å bidra. Viljen til å yta pengar til prosjektet viste seg å vera vesentleg større enn ein trudde var mogeleg. Ved utgangen av Rotary-året 2017-2018 var det samla inn kr.702.352. Planlegginga var komen så langt at ein ikkje såg det realistisk å bruka alle de innsamla midlane umiddelbart. Prosjekta i Malawi og Zambia vart finansiert med kr. 500.000 til kvart prosjekt. Dei utbrukte midlane vart ståande på eigen konto i Distrikt 2250 sin rekneskap. Kr. 202.352 i 30.06.2018 vart til kr.206.281 i 30.06.2019 og til kr.274.407 i 30.06.2020.

Prosjekta i Malawi og Zambia er for lenge sidan slutført med godt resultat. Rapporteringa av prosjekta til RI har diverre blitt mykje forseinka. Rapportane vart ferdige først våren 2021 og ligg nå til endeleg godkjenning i RI. Det er aktuelt å gjennomføra eit nytt prosjekt i Malawi, eit av dei fattigaste landa i Afrika.

I 30.06.2021 står det til rest kr. 128.927. Fleirtalet i styret vedtok å senda USD 20.000 til Annual Fund for og sikra større utbetaling til D2250. Guvernør Jostein Osnes var ueinig i dette vedtaket. Han meinte at ein heller burde nytta midlar frå distriktets eigenkapital til styrking av Annual Fund. Han viste til at ein relativt stor auke på distriktets driftskonto gir oss handlingsrom til å overføra USD 20.000 til Annual Fund. Fleirtalet derimot ønskte og utnytta muligheten til å bruka Global Grant til eit 10'HB-prosjekt i inneverande Rotary-år og dermed gjera det mogeleg med eit større prosjekt enn om ein ikkje hadde styrka Annual Fund på denne måten før 1.juli. I tillegg ville styrkinga av Annual Fund gi grunnlag for større andelar frå TRF til DDF på sikt. DRFC tilrådde å styrka Annual Fund med midlar både frå distriktet sin driftskapital og frå konto for 10'HB, sidan sistnemnde midlar ville vera øyremerkte nytt 10'HB-prosjekt.

## Avslutning

Rotary-året har verkeleg vore eit spesielt og utfordrande år for D2250 og klubbane. Redusert møteaktivitet, tap av medlemmer og ein usikker situasjon om korleis året ville utvikla seg har sett sitt preg på klubbleiing og medlemmer. Tilbakemeldingane frå klubbane gir likevel von om at alle går inn i det nye Rotary-året med vilje til å ta opp arbeidet med medlemsutvikling, prosjektplanlegging og normal klubbaktivitet.

Dato 08.09.2021

*(signert)*

Jostein Osnes  
DG/styreleiar 2020-2021